



VOSS KOMMUNE

Voss Kino

Postboks 280, 5701 Voss

Tlf.: 56.51.94.60 Faks.: 56.51.96.56

arkiv :
saksb. : regnr. :
journ. :

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Voss, 02.11.2012

Ang. uttalelse til "utkast til endringar i film og videogramlova med forskrifter – Filmkontrollgebyret"

Vi tillatar oss å svare på høyringa i denne saka sjølv om kommune og kino ikkje står på lista over høyringsinstansar.

Som medlem av B-kino alliansen og Norsk Kinoforbund stiller vi oss bak desse og viser også til deira uttalelsar i saka.

Voss Kino har mellom 40 000 og 45 000 besøkande i året og nyleg flytta i nytt kulturhus. Med store utgifter til nybygg og nytt digitalt utstyr har vi i tillegg VPF-avgifta som har virka negativt økonomisk for oss. Politikarar og leiinga i kommunen snakkar allereie no om at vi må begrense kinotilbudet og gjere tiltak for å betre økonomien. VPF-avgifta ført til at filmtilgangen har minska og vi har ikkje full tilgang på filmtitlar da nokre av filmene no blir begrensa til dei 40 største kinoar i landet som følgje av denne.

Med det lovforslåtte endringane i film og videogramlova fryktar vi at dette skal medføre ytterlegare negative konsekvensar for kinotilbudet i heile landet.

Alle kinoar i Noreg har hatt store økonomiske investeringar som følgje av den landsdekkande digitaliseringa. Dersom vi får ytterlege utgifter til gebyr for forhåndskontroll av film vil dette føre til at distributørane vil begrense antal kinoar som får kvalitetsfilm og mellom store og små kinoar vil i hovudsak kun vise kommersiell amerikanske filmar.

Vi vonar difor at de tek hensyn til at Norske kinoar har nok avgifter å betale og at de finn andre måter å få inn dette gebyret på. Så vonar vi at dei Norske kinoane får behalde mulegheiten for eit kinoprogram med stor breidde og kvalitet, slik vi er kjent for å gjere.

Mvh

Voss Kino
Ann Karin Atterås
kinosjef